

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Silje Hjemdal (Frp) sette fram slikt forslag:

«Endring i punkt 3 og 4, der ordet vegval vert erstatta med utvikling.»

Røysting

Innstillingsa punkt 1, 2 og 5 vart samrøystes vedteken.

Hjemdal sitt forslag punkt 3 fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Innstillingsa punkt 3 fekk 9 røyster (MDG, Sp, SV, A, KrF) og vart vedteke.

Hjemdal sitt forslag punkt 4 fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Innstillingsa punkt 4 fekk 9 røyster (MDG, Sp, SV, A, KrF) og vart vedteke.

Vedtak

1. Fylkesutvalet tar orienteringa om overordna planar for bybåtsambanda og Turistrute Hardanger til orientering.
2. Fylkesutvalet er positive til auka kapasitet på sambandet mellom Bergen og Askøy frå 2018.
3. Fylkesutvalet ber om å få lagt fram sak om strategiske vegval for bybåtsambanda Kleppestø - Strandkaien og Knarvik - Frekhaug - Bergen i forkant av utlysing av ny langsiktig kontrakt på desse sambanda. Saka skal omfatte vurderingar av miljøvennlege framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve, økonomi og venteromsfasilitetar for reisande.
4. Fylkesutvalet ber om å få framlagt sak om strategiske vegval for Turistrute Hardanger i forkant av utlysing av ny kontrakt. Saka skal omfatte vurderingar av miljøvennlege framdriftsløysingar, vurdere kapasitet, rutetilbod, kontraktmessige tilhøve og økonomi.
5. I anboda skal det innarbeidast krav om lærlingepllassar i alle kontraktar.